

Oppland Senterparti  
Honnevegen 60  
2836 Biri

Biri, den 10. mai 2017

Til Sjukehuset Innlandet HF

## **Høyringsuttale til framtidig sjukehusstruktur i Sjukehuset Innlandet**

Oppland Senterparti er oppteke av at vi skal skape gode helsetenester med pasienten i sentrum.

Vi har store avstandar og eit veksande behov for helsetenester i Hedmark og Oppland. Den medisinske og teknologiske utviklinga legg til rette for å gje fleire helsetenester nær der pasienten bur. Samstundes blir det mogleg med stadig meir spesialisert medisinsk behandling, og denne treng vi å samle i eitt hovudsjukehus der alle spesialitetar er samla.

Oppland Senterparti meiner det må satsast langt sterkare på desentraliserte poliklinikkar og lokalmedisinske sentre. Vi treng å byggje ut dette nivået i midten, som skal arbeide i nært samspel med ambulansetenesta og med kommunane. Kommunane må få styrka økonomi for å klare den store oppgåva dei har fått med å ta seg av stadig sjukare pasientar, innanfor både somatiske lidingar, rehabilitering, rus og psykiatri.

Oppland Senterparti meiner at satsing på eit hovudsjukehus og eit omfattande tenestetilbod ved desentraliserte politiklinikkar og lokalmedisinske sentre er ein riktig veg å gå. Støtta til å satse på eit hovudsjukehus heng nøye saman med at det samstundes blir bygd ut omfattande desentraliserte tenester.

Oppland Senterparti går inn for eit vidare arbeid med framtidig sjukehusstruktur i Innlandet der det blir teke utgangspunkt i

- Eit hovudsjukehus som blir plassert ved Mjøsbrua
- Desentraliserte poliklinikkar med akuttfunksjonar og dagkirurgi ved dagens sjukehus
- Lokalmedisinske sentre med omfattande tenestetilbod i Nord-Gudbrandsdal, i Valdres og på Hadelend
- Gode legevaktordningar og velutbygd ambulanseteneste
- Forsterka samarbeid med kommunane der kommunane blir tilført tilstrekkelege ressursar til å utføre nye oppgåver

For styret i Oppland Senterparti

Bengt Fasteraune, fylkesleiar